



NYE VOLDA KOMMUNE

REFERAT – RESSURSGRUPPA I HELSE- OG OMSORG

Møte på Volda omsorgssenter

15.03.2019 kl. 13:00-15:00

Til stades:

Svein Berg-Rusten, helse- og omsorgssjef/prosjektansvarleg

Ingunn Gjengedal, konst. ass helse- og omsorgssjef

Mary Anne Espe, einingsleiar helse

Mona Helen Kile, einingsleiar førebygging, rehabilitering og legeteneste

Hovudtillitsvald Fagforbundet Volda/Hornindal, Oddbjørg Yksnøy Rangseter

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Hornindal, May Britt Lillestøl

Hovudtillitsvald Sjukepleiarforbundet Volda, Vydmane Solominiene

Fråfall:

Ragnhild Aarflot Kalland, einingsleiar omsorg

Tillitsvald for legane, Bent Ingebrigtsen

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg
<p>1. Hovudtrekk/oppsummering av høyringsinnspel</p> <p>Prosjektleiar oppsummerte innspela slik;</p> <p>Organisering av førebygging & rehabilitering, representasjon i kommunalsjefen sitt leiarteam.</p> <ul style="list-style-type: none">- Det er kome fleire innspel på at eininga bør fortsette som eiga eining.- Alle tilbakemeldingane påpeikar at helseleiar bør representere som fast medlem i leiargruppa til kommunalsjefen.- Nokre av innspela føreslår å legge avdelinga under legetenesta i staden for i helse- og forvaltning. Prosjektleiar stiller spørsmål om kvifor fleire har spela inn at det vil vere meir hensiktsmessig å plassere avdelinga der? Ressursgruppa hadde ikkje kommentarar til dette. <p>Forvaltningsleiar.</p> <ul style="list-style-type: none">- Det er fleire tilbakemeldingar som påpeikar at forvaltningsleiar bør representere som fast medlem i leiargruppa til kommunalsjefen.	<p>Oppfølging</p> <p>SBR</p>

<p>Teamleiarar og administrasjonstid.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mange har kome med innspel i høve bekymringar for administrasjonstida til teamleiarane. Prosjektleiar presiserer at det ikkje er slik at teamleiarane ikkje får administrasjonstid. Men, ein må i større grad enn tidlegare styre handlingsromet sitt sjølve. Teamleiarane må forstå rolla si og ta ansvaret sitt. Ein må vere flinkare å utnytte dei eksisterande ressursane. Det handlar i stor grad om å bryte med den tradisjonelle tenkinga. - Talet på teamleiarar er ikkje klart enda, tenestebehova i framtida vil vere avgjerande for dette. <p>Dagavdelinga for eldre.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innspela går på om det er rett å plassere denne under teamleiar i heimetenesta. Ein er uroa over at fokuset på førebyggjande dagtilbod vil drukne i tenesteytinga i heimen. Forslaget er å behalde tenesta med eigen teamleiar og heller satse på vidareutvikling av dagaktivitetane i Hornindal, Folkestad og Volda. <p>Forslag om namne- endring.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det kom innspel på å endre namnet til Rus- og psykisk helseteneste til psykisk helseteneste. - Det var og forslag om endring frå Sjukeheim til Omsorgssenter. <p>Prosjektleiar vil samle alle høyringsnotat til eitt dokument og melde attende til leiarar og HTV med kommentarar.</p>	
---	--

Aktivitet	Ansvarleg
2. Orientering i høve tilsettingsprosessen	Oppfølging
Teiebelagd. Kort gjennomgang i gruppa.	SBR

Aktivitet	Ansvarleg
3. Opplæringsbehov og leiarkompetanse	Oppfølging
<p>Ein bør nytte tida framover på å legge til rette for at leiarane i helse- og omsorg får ein god start i stillinga dei blir sett inn i. Dette vil nok vere avgjerande for å sikre at ein skjønar oppdraget, kjenner tryggleik og opplever støtte. Ein bør gjennomføre opplæringsopplegg for å auke leiarkompetansen tidleg i denne prosessen. Det ligg store forventningar til at leiarar på alle nivå skal lykkast i arbeidet sitt.</p> <p>Ressursgruppa hadde følgande innspel;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ein må satse på teamleiarane då dei vil vere svært viktige bærebjelkar i tida framover. - Alle bør auke kompetansen sin i leiing; tydelegheit og struktur er viktige begrep. 	SBR

<ul style="list-style-type: none"> - Det må utarbeidast tydelege og forstålege stillingsinstruksar/delegeringar. Dette må vere eit dokument som ein nyttar effektivt i kvardagen slik det ikkje blir liggande i ei skuffe. - Det kom forslag om å leige inn Magnar Hjertnes, Høgskulen i Volda, som førelesar. 	
--	--

Aktivitet 4. Eventuelt	Ansvarleg Oppfølging
<p>Opplæring av nye datasystem. Det er retta bekymring i høve endring av journalsystem då Hornindal skal nytte Gericca frå 2020. Prosjektlear orienterte om at det er nedsett ei gruppe som arbeidar med dette. Meir informasjon vil kome etter kvart.</p> <p>Nytt møte 01.04.2019, kl 14-16 i Hornindal. Ingunn kallar inn.</p>	<p>SBR</p>

Volda 18.03.2019
Ingunn Gjengedal (ref)